

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>16.11.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>11:00 – 16:45</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård**

Åshild Kjelsnes hadde som merknad til innkallinga at dei tre vedlegga til sak 111/15 burde vore utsende på førehand.

Ingen merknader til saklista.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at sak nr. 111/15 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2 (teieplikt).

Styreleiar Reidar Sandal og adm. direktør Dagfinn Neteland i Fjord1 AS gav ei orientering for fylkesutvalet i tilknytning til sak 111/15 frå kl. 11.35 til kl. 12.50.

Bjørn Erik Hollevik gjorde framlegg om at fylkeskommunen sine rådgjevarar frå Advokatfirmaet Wiersholm og DHT ikkje skulle få vere til stades under orienteringa til leiinga i Fjord1 AS. Framlegget vart vedteke med fem (Hollevik, Stang, Kjelsnes, Høl og Hjertaas) mot fire (Følling, Reksnes, Heen og Brosvik) røyster.

Fylkeskommunen sine rådgjevarar frå Advokatfirmaet Wiersholm og DHT orienterte fylkesutvalet frå kl. 13.15 til kl. 15.35

Gunhild Berge Stang fekk permisjon frå kl. 16:00, etter den første av to avrøystingar i sak 111/15.

## **SAK 111/15 Eigarposisjonen i Fjord1 AS**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.

**Endringsframlegg frå fylkesutvalet:**

Saka vert utsett.

**Avrøysting:**

Samrøystes.

**Framlegg frå Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti:**

FU fastset nytt møtetidspunkt, mandag 23.11.2015, der fylkesrådmannen legg fram ei uhilda gjennomgang av alle moment kring forkjøpsrett ved sal av aksjar i F1 Holding.

**Avrøysting:**

Samrøystes.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Saka vert utsett.**

**FU fastset nytt møtetidspunkt, mandag 23.11.2015, der fylkesrådmannen legg fram ei uhilda gjennomgang av alle moment kring forkjøpsrett ved sal av aksjar i F1 Holding.**

-----

## **SAK 112/15 Høyring - forslag om administrasjonsstad i dei nye politidistrikta**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Med tilvising til invitasjon til høyring og høyringsnotat frå Politidirektoratet, datert 5.oktober 2015, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til val av administrasjonsstad for politidistrikt vest:

1. Utifrå dei kriteria som er brukt i vurdering av administrasjonsstad og vekting av desse, kjem Bergen best ut. Fylkesutvalet tek dette til etterretning, men vil peike på at Florø kjem best ut i vurderinga knytt til lokaliseringsspolitikk, og meiner dette kriteriet må gjevast større vekt når øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø skal lokaliserast.

2. Fylkesutvalet tek til etterretning at operasjonssentralen skal vere plassert på same geografiske stad som administrasjonsstaden. I høyringsnotatet går det fram at: *«Inntil vidare er det uklart om helsevesenets AMK-sentraler skal inngå i framtidig samlokalisering, men det forventes at politiet skal legge til rette for at dette kan skje»* (Høyringsnotat, s.6). Fylkesutvalet er kjent med at KS Sogn og Fjordane vil føreslå å etablere eit prøveprosjekt for å sjå korleis informasjonsteknologi kan nyttast for å få til eit tettare samarbeid og samverke mellom naudetatane sine sentralar som eit alternativ til samlokalisering. Fylkesutvalet støttar dette initiativet.
3. Under punktet *«Infrastruktur og nærhet til samvirkeaktører»* (Høyringsnotat, s.19), blir Bergen vurdert som mest hensiktsmessig fordi fylkesmann, fylkesberedskapssjef, sivil-forsvar, 110-sentral og AMK-sentral er plassert i Bergen, mens det i Sogn og Fjordane er ei geografisk spreiding for desse funksjonane. Fylkesutvalet vil for sin del peike på at punktet ikkje inneheld ei vurdering av nærleiken til Fylkesmannen, sivilforsvaret og AMK i Sogn og Fjordane når administrasjonsstaden vert Bergen. Fylkesutvalet vil vidare vise til fleirtalsmerknaden i Innst. 306 S (2014-2015) der det står: *«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig folkeparti og Senterpartiet, vil for eksempel vise til at Sogn og Fjordane har svært gode erfaringer med samvirke på tvers, uten å vie for mye oppmerksomhet til om oppgavene faller innenfor eller utenfor det formelle ansvarsområdet til den ene eller andre instansen. En viktig forutsetning er et gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og de andre etatene med beredskapsansvar. Det tette og effektive samarbeidet i fylkesberedskapsrådet har vært en viktig faktor for å få dette til lokalt»*. Denne merknaden må tillegast vesentleg vekt når konsekvensar for beredskap skal vurderast og ein må ta omsyn til dei erfaringane som Sogn og Fjordane har gjort knytt til krisehandtering dei siste åra.
4. Fylkesutvalet meiner at avgjerda om administrasjonsstad for dei nye politidistrikta må avgrense seg til politimeisteren sitt kontor med tilhøyrande støttetjenester. Prinsippet om at øvrige fellesfunksjonar og fagmiljø skal kunne lokaliserast fleire stader i politi-distriktet må følgjast opp. Fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og andre fagmiljø må vidareførast og vidareutviklast der ein i dag har gode miljø, og fylkesutvalet vil her peike på spesialistfunksjonar og straffesakskontoret som ligg i Florø.
5. Fylkesutvalet har merka seg at framtidig organisering av tenestestrukturen på nivå to, m.a. ev. samanslåing av lensmannskontor, ikkje ligg til denne høyringa, og legg til grunn at politimeisteren kjem tilbake til dette i ein seinare prosess.
6. Fylkesutvalet vil vidare peike på at ei vekting av kriteria som einsidig favoriserer val av Bergen som administrasjonsstad med påfølgande lokalisering av operasjonssentral, vil kunne gi vesentlege konsekvensar knytt til offentlege arbeidsplassar i Florø – særleg dersom dette valet seinare fører til sentralisering av AMK-sentralane. Fylkesutvalet er uroa over denne utviklinga, og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikkk vert tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere øvrige fellestenester, spesialisttenester og fagmiljø – funksjonar som ikkje krev nærleik til politimeisteren.

**Arbeiderpartiet** sette fram slikt framlegg til endring:

Pkt 2. Ny start istadenfor FU tek til etterretning.

I vedtaket om politireform går det fram at .....

Ta vekk siste del av punktet etter parantesen (høyringsnotat s.6)

Set inn i staden: Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar fullt ut initiativet frå kommunane i Sogn og Fjordane om eit prøveprosjekt med ein virtuell og nettvevd-organisert naudalarmsentral

for Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkesutvalet meiner dette vil styrke Stortinget sin intensjon om samlokalisering og viser til at Helse Vest suksessfullt som einaste helseregion har utvikla virtuelle AMK sentralar i nettverkssamarbeid.

**Høgre** sette fram slikt framlegg til endring til pkt.2 i fylkesrådmannen sitt framlegg:

Under punktet *Særlig om nødmeldingstjenesten – samlokalisering* i Innst. 306 S side 52 er det fleirtalsmerknad frå Arbeiderpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti om samlokalisering av sentralane for politi og brann:

*“Flertallet viser også til at departementet opplyser at det er praktisk mulig å gjennomføre samlokaliseringen av alle 12 innenfor en 3-årsperiode, men at det vil være krevende å forplikte seg til å slutføre alle samlokaliseringsprosessene innenfor en slik tidsramme. Flertallet bemerker at det likevel ikke er ønskelig å haste gjennom denne prosessen, men viktig å forankre og skape lokalt medeierskap til sluttresultatet. Det innebærer at samlokaliseringen må være forankret hos eierne av 110-sentralane, som er kommunene.”*

Fylkesutvalet meiner at denne merknaden gjev grunnlag for ein brei prosess som og inkluderer det prøveprosjektet KS har teke initiativ til.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med tilvising til invitasjon til høyring og høyringsnotat frå Politidirektoratet, datert 5.oktober 2015, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til val av administrasjonsstad for politidistrikt vest:

1. Utifrå dei kriteria som er brukt i vurdering av administrasjonsstad og vekting av desse, kjem Bergen best ut. Fylkesutvalet tek dette til etterretning, men vil peike på at Florø kjem best ut i vurderinga knytt til lokaliseringspolitikk, og meiner dette kriteriet må gjevast større vekt når øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø skal lokaliserast.
2. I vedtaket om politireform går det fram at operasjonssentralen skal vere plassert på same geografiske stad som administrasjonsstaden. I høyringsnotatet går det fram at: «*Inntil videre er det uklart om helsevesenets AMK-sentraler skal inngå i framtidig samlokalisering, men det forventes at politiet skal legge til rette for at dette kan skje*» (Høyringsnotat, s.6). Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar fullt ut initiativet frå kommunane i Sogn og Fjordane om eit prøveprosjekt med ein virtuell og nettvevd-organisert naudalarmsentral for Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkesutvalet meiner dette vil styrke Stortinget sin intensjon om samlokalisering og viser til at Helse Vest suksessfullt som einaste helseregion har utvikla virtuelle AMK sentralar i nettverkssamarbeid.

Under punktet *Særlig om nødmeldingstjenesten – samlokalisering* i Innst. 306 S side 52 er det fleirtalsmerknad frå Arbeiderpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti om samlokalisering av sentralane for politi og brann:

*“Flertallet viser også til at departementet opplyser at det er praktisk mulig å gjennomføre samlokaliseringen av alle 12 innenfor en 3-årsperiode, men at det vil være krevende å forplikte seg til å slutføre alle samlokaliseringsprosessene innenfor*

*en slik tidsramme. Flertallet bemerker at det likevel ikke er ønskelig å haste gjennom denne prosessen, men viktig å forankre og skape lokalt medeierskap til sluttresultatet. Det innebærer at samlokaliseringen må være forankret hos eierne av 110-sentralane, som er kommunene.”*

Fylkesutvalet meiner at denne merknaden gjev grunnlag for ein brei prosess som og inkluderer det prøveprosjektet KS har teke initiativ til.

3. Under punktet «*Infrastruktur og nærhet til samvirkeaktører*» (Høyringsnotat, s.19), blir Bergen vurdert som mest hensiktsmessig fordi fylkesmann, fylkesberedskapssjef, sivilforsvar, 110-sentral og AMK-sentral er plassert i Bergen, mens det i Sogn og Fjordane er ei geografisk spreining for desse funksjonane. Fylkesutvalet vil for sin del peike på at punktet ikkje inneheld ei vurdering av nærleiken til Fylkesmannen, sivilforsvaret og AMK i Sogn og Fjordane når administrasjonsstaden vert Bergen. Fylkesutvalet vil vidare vise til fleirtalsmerknaden i Innst. 306 S (2014-2015) der det står: «*Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig folkeparti og Senterpartiet, vil for eksempel vise til at Sogn og Fjordane har svært gode erfaringer med samvirke på tvers, uten å vie for mye oppmerksomhet til om oppgavene faller innenfor eller utenfor det formelle ansvarsområdet til den ene eller andre instansen. En viktig forutsetning er et gjensidig godt tillitsforhold mellom politiet og de andre etatene med beredskapsansvar. Det tette og effektive samarbeidet i fylkesberedskapsrådet har vært en viktig faktor for å få dette til lokalt*». Denne merknaden må tilleggast vesentleg vekt når konsekvensar for beredskap skal vurderast og ein må ta omsyn til dei erfaringane som Sogn og Fjordane har gjort knytt til krisehandtering dei siste åra.
4. Fylkesutvalet meiner at avgjerda om administrasjonsstad for dei nye politidistrikta må avgrense seg til politimeisteren sitt kontor med tilhøyrande støttetjenester. Prinsippet om at øvrige fellesfunksjonar og fagmiljø skal kunne lokaliserast fleire stader i politi-distriktet må følgjast opp. Fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og andre fagmiljø må vidareførast og vidareutviklast der ein i dag har gode miljø, og fylkesutvalet vil her peike på spesialistfunksjonar og straffesakskontoret som ligg i Florø.
5. Fylkesutvalet har merka seg at framtidig organisering av tenestestrukturen på nivå to, m.a. ev. samanslåing av lensmannskontor, ikkje ligg til denne høyringa, og legg til grunn at politimeisteren kjem tilbake til dette i ein seinare prosess.
6. Fylkesutvalet vil vidare peike på at ei vekting av kriteria som einsidig favoriserer val av Bergen som administrasjonsstad med påfølgande lokalisering av operasjonssentral, vil kunne gi vesentlege konsekvensar knytt til offentlege arbeidsplassar i Florø – særleg dersom dette valet seinare fører til sentralisering av AMK-sentralane. Fylkesutvalet er uroa over denne utviklinga, og krev at kriteriet knytt til lokaliseringspolitikk vert tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere øvrige fellestenester, spesialisttenester og fagmiljø – funksjonar som ikkje krev nærleik til politimeisteren.

-----